



Det er god skilting i samband med dette prosjektet Dette skiltet står ved Klammeren

To viktige bruer i Uskedalen er rusta opp i sommar, men det stoppar ikkje der.

No skal Mesta igang med utbetring av eit ømt punkt på fylkesveg 54 ved Blåhaug 150 meter ovanfor Hauglandskrysset

Tor Helge Tveit i Mesta opplysar at ein mur skal plukkas ned og erstattast av ein ny. Det vert også masseutskifting og 2 nye stikkrenner og han håpar at jobben vil vera gjort unna på ein månad eller helst noko raskare,

Det er ingen mogelegheit for omkøyring og trafikantane må finna seg i restriksjonar frå og med måndag.

Vegen vert stengd på kvardagar frå måndag til torsdag mellom klokka 8 og 14 og det kan også oppstå stutte stengningar utanom denne tidsperioden.

I samband med dette prosjektet er det brukbar varsling - både i aviser og ved skilting langs dei aktuelle vegane.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen